

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Oddvar Etnestad	010	F2026-5	Ingen skjerming
Råd/utval		Saksnummer	Møtedato
Øvre Eiker kirkelige fellesråd		009/26	25.03.2026

009/26 Høyring om prostistruktur i Tunsberg bispedømme

Vedlegg liste

- 1 Høring - framtidig prostistruktur i Tunsberg bispedømme - høyringsbrev 09.02.26..pdf
- 2 ROS analyse - prostiendringer 09.02.26..pdf
- 3 Prostistruktur - høyringsdokument 09.02.26..pdf

Saksframlegg

Viser til vedlagt høyringsdokument frå Tunsberg bispedømme. - sendt ut på eigen epost 12.02.26.

Kort bakgrunn:

Då prost Erik Haualand skulle gå av med pensjon i 2022, sette ein utlysinga på vent i påvente av om avgjerd for framtida for Eiker prosti skulle leggst ned, viser til pkt 2 i høyringsdokumentet. Konklusjonen i 2024 var å legge ned Eiker prosti, men ingen konklusjon kven det skulle slåast saman med eller delast mellom. Ein er noko undrande til ein slik konklusjon all den tid bispedømmet ville sjå på heile bispedømmet under eitt. Effekten av ein slikt vedtak og at det har teke så lang tid, er at det skaper uvisse om prostiets funksjon, og prostiet framstår som ei ikkje eksisterande eining.

Utsendt saksdokument frå Stiftsdirektøren virkar å ha noko uklar målsetting, og kvifor dette arbeidet er sett igang. Det virkar litt preg aa at bispedømmet må lande sin 4 årige prosess med å legge ned Eiker prosti. Men så lenge Eiker prosti ikkje er slått saman med andre prosti eller delt opp, er det etter kirkevergen si vurdering framleis eit alternativ at Eiker prosti helg fram soom ei sjølvstendig eining.

Om BDR held fast nedlegging av Eiker prosti, så vil det vere med mest fornuftig at heile noverande Eiker prosti vert slått saman med Kongsberg prosti. Ved ei slik løysing er det råd å organisere det nye prostiet delvis i to einigar, avstanden tilseier at det er lite tenleg handtere/organisere det som ei eining. Vi har verken arbeidstid eller økonomi til å reise til kvarandre. Men her er det viktig at øvrige fellesråd i prostiet vert høyrde. Om øvrige fellesråd går til Ringerike, vil det vere meir naturleg at Øvre Eiker vert lagt til Drammen. Ein har lange tradisjonar med samarbeid ned Nedre Eiker, og ei samanslåing mot Drammen legg tilrette for å utvikle dette.

Det viktigaste er at det er ei god samhandling mellom prost og kirkeverge, slik at ein får til godt samarbeid mellom alle tilsette i begge linjer.

Så er det viktig å få landa dette - det er heilt urimeleg at dette skal ha teke så mange år. Det lyser vel også litt gjennom høyringsdokumentet, uklart mål med dette, har vel gjort at det har blitt liggande så lenge.

Om Eiker prosti vert slått saman med Kongsberg, ser ein ikkje noko grunn til å argumentere for at prosten skal ha sete i Øvre Eiker, med dei trange driftsråmene som er lagt på fellesrådet, er det greitt å sleppe midlar til ein kontorplass, der den tilsette utover det meste av sitt virke andre stader enn i Øvre Eiker. Tidlegare fekk fellesrådet noko refusjon til sekretærbistand, no sit fellesrådet med alt ansvar for finansiering av driftsutgiftene av prostekontor, på lik linje som kontor øvrige prestestillingar som utfører heile tenesta i vårt ansvarsområdet.

Vedlagt ligg:

1. Høyringsbrev

2. Høyringsdokument

3. ROS analyse

Forslag til vedtak

1. Øvre Eiker kirkelige fellesråd sluttar seg til vurderingane frå kirkevergen.
2. Som primært svar led vi fast på svar på høyring frå 2024 at Eiker held fram som eige prosti, evt dele prost med Kongsberg. Ein behelfg struktur og det gjev innsparing.
3. Om Eiker prosti vert delt, bør Øvre Eiker kirkelige fellesråd leggast til Drammen, det

Vedtak

1. Øvre Eiker kirkelige fellesråd sluttar seg til vurderingane frå kirkevergen.
2. Som primært svar held vi fast på svar på høyring frå 2024 at Eiker held fram som eige prosti, evt dele prost med Kongsberg. Ein beheld struktur og det gjev innsparing.
3. Om vedtak om nedlegging av Eiker prosti vert ståande, ynskjer vi at heile Eiker prosti vert slått saman med Kongsberg prosti.

Hokksund 29.04.26
Vett utskrift
Oddvar Enevold